

Doktor Haugen slik du minnest han 35.

02.01.2015



Første sjuketransport med sjøfly frå Uskedalen

I går hadde vi ei historie der det truleg var ein av dei første gongene sjøfly vart bruka som sjuketransport frå Uskedalen. I dag fortel Arne Terje Haugland om hendinga som han meiner førte til aller første gongen det vart nytta sjøfly. Det var i 1958 eller 1959.

Arne Terje var på den tida den eine av to unggutar som jobba på båtbyggjarverkstaden til velkjende Gustav Bergstø. Gustaven var uheldig og skada seg alvorleg. Han bar på ei lita transportabel sag, og då han sette i stikkkontakten starta den opp. Gustaven fekk nesten kutta av seg eine handa og alle sener var øydelagt.

Arne Terje ringte dr. Haugen. Han forstod alvorret, og reagerte lynkjapt. Det må ha gått unna ut gjennom svingane for frå Arne Terje ringte til doktoren kom inn på kjøkkenet i Gullvikjo, gjekk det berre 13 minutt.

Då Haugen kom, sat Gustav Bergstø på kjøkkenet med handa over ei sinkbytte. Han knepte til på armen for å hindra stort blodtap samstundes som han med jamne mellomrom opna opp for å sikra blodtilførsel.

- Hvor har du lært dette, Gustav? spurde doktor Haugen.
- Det lærte eg i forsvaret, kunne Gustaven fortelja, og doktoren var einig i at dette var god lærdom å få med seg.

Etter at Haugen hadde behandla skaden, vart Gustav Bergstø sendt med sjøfly til Bergen. Handa vart berga, og Arne Terje meiner at truleg berga også doktor Haugen livet til Gustav Bergstø med sin kloke og raske handlemåte.

Rett nok fekk Gustaven redusert blodtilførsel til denne handa. Det var grunnen til at han svært ofte gjekk med ein vott på den, slik vi hugsar.

Det høyrer og med til historia at det var svært dårleg og bratt veg ned til huset til Gustav Bergstø. Doktor Haugen køyrde likevel ned. For at han skulle klara å komma seg opp att, ringte Arne Terje til Bjørn Olsen slik at han kom med traktoren sin og hjelpte han.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Frå Kvinnhersminne 2003